



Saima Lomheim Døssland saman med Joacim Snilstviet fekk målpris frå Kvinnherad mållag på avslutningsfesten i går.

Saima Lomheim Døssland og Joacim Snilstveit i kvar sine avgangsklassar vart på avslutningsfesten på Rosendal ungdomsskule i går tildelt målprisen for god målbruk. Det er Kvinnherad mållag som kvart år deler ut ein symbolsk mållagspris til den beste nynorskbrukaren i 10. klassane på ungdomsskulane Øyatun, Husnes og Rosendal. Styremedlem i Kvinnherad mållag, Gaute Lund, sa fram helsing og overrekte Saima og Joacim gåvekort.

Kvinnherad mållag er eit aktivt mållag med 150 medlemmer frå heile kommunen. Mållaget har ein profil på å arbeida for nynorsk skriftmål på alle område i samfunnet. Målbruken i barnehagane og i skulen er viktig for å sikra framtida for bruken av nynorsk og dialektane.

Kvinnherad mållag har to prisar: Målblomen til god målbruk i næringslivet og pris til den beste nynorskbrukaren i ungdomsskulane. Saima Lomheim Døssland og Joacim Snilstveit er verdige vinnarar i 2019. Det er rektor og lærarane på skulen som finn fram til dei rette kandidatane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Bjarte Døssland



Joacim Snilstveit og Saima Lomheim Døssland mottek gavekort frå Gaute Lund.